

Samrøysta

høyrings svar frå Bjerkreim sokneråd – Vegval for framtidig kyrkjeordning.

Handsama i Bjerkreim sokneråd onsdag 6. mai 2015 under sak 24/15.

Namn og adresse til høyringsinstans:

Bjerkreim sokneråd, Postboks 38, Nesjane 1, 4389 Vikeså

Kontaktperson: Arnfrid Espeland.

Overordna synspunkt:

- Styrking av soknet som grunnleggjande eining (jfr.KL § 2).
- Same arbeidsgjevar for alle kyrkjeleg tilsette.
- Ei forenkling, rasjonalisering og effektivisering for betre utnytting av ressursar og styrking av lokal styring.

Spørsmål 1:

1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?

Svar: JA. Det må fasthaldast at soknet er grunneininga i kyrkja og den juridiske handleevna som soknet har i dag, må vidareførast. Tilhøvet mellom lokale, regionalt og nasjonalt nivå er hovudspørsmålet i høyringa. Oppgåver og fordeling av mynde mellom dei ulike nivå bør justerast slik at den lokale kyrkja, vert styrka. Soknet må framleis vera eige rettssubjekt og den grunnleggande eininga i kyrkja med same ansvar og mynde som i dag. Kyrkja sitt liv skjer på lokalplan.

Kommunestyret løyver midlar til drift av kyrkja. Kyrkjemøtet var sagt at slik skal det vera også i framtida. Det er avgjerande at det er eit organ på kommunenivå som har nær kontakt med kommunen. Kommunereforma vil få konsekvensar for den kyrkjelege inndelinga. Truleg kjem justering av både kommune- og soknegrensar – evt. også prostigrensar. Dette vil ha konsekvensar for kva for oppgåver som skal liggja på dei ulike nivå.

Bjerkreim sokneråd sluttar seg til mindretallet, pkt B: *”Et mindretall i Kirkerådet mener at oppgaver og myndighetsfordeling mellom de ulike nivå bør justeres slik at den lokale kirke styrkes”.*

2 Deler høyringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?

Svar: JA!! Dagens finansieringsordning er den beste for å sikra ei lokal, brei og landsdekkande folkekyrkje. Fordelen med kommunalt finansieringsansvar (KL § 15) er at det kommunestyret som løyver midlar og den lokale kyrkja som mottok pengar, er nær kvarandre. Dei folkevalde i kommunen kjenner til arbeidet i kyrkja, og det er lettare å få løyvingar til lokale tiltak. Ein viktig føresetnad er at ny kyrkjelovgivning må skildra det offentlege sitt økonomiske ansvar for DnK. GL § 16.

3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.

Svar: Soknerådet ønskjer ikkje å koma med forslag til alternativ finansieringsmodell.

4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?

Svar: Ved å samla oppgåver, ansvar, verksemd og avgjersle for oppgåvene lokalt i organ som opptre på vegne av soknet. Det kan ein gjera ved å slå saman dei 2 strukturane. Soknet må framleis vera eige rettssubjekt. Dei lokale kyrkjelydane er grunneininga for Dnk og må styrkjast.

Både tilsette og økonomiske ressursar når det gjeld trusopplæringsreforma, vil verta betre utnytta med ein arbeidsgjevar for alle tilsette.

Med "det nye fellesrådet" som arbeidsgjevar, vil behovet for bispedømmeråd reduserast. Lokalt, regionalt og nasjonalt nivå vil då verta: sokneråd/fellesråd og Kyrkjemøte/Kyrkjeråd. Det betyr ei forenkling. Delegering fører med seg auka byråkrati.

5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Det kyrkjelege "livet" skjer på lokalplan – gudstenester, trusopplæring, diakoni osv..... Det er vanskeleg å leggja føringar på soknestørrelse; avstandar, busetnad/innbyggjartal, kommunestruktur m.v. varierar i landet vårt. Grunnleggjande val d.v.s. framtidig kyrkjeordning og kommunestruktur må koma først, deretter størrelse på sokn. I dag er det lovfesta at det skal vera dagleg leiar av fellesrådet. Soknet bør vera så stort at bør vera dagleg leiar i kvart sokn med gode og stabile stabsfellesskap.

6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?

Svar: Ja. Ordninga med 2 organ som opptre på vegne av soknet, må halda fram – d.v.s både sokneråd og fellesråd. Synes til refleksjonsprosessen der det kome tydeleg fram at dagens ordning er god!

7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?

Svar: På kommunenivå, Dette er sjølvstøtt avhengig av kva som kjem ut av kommunereforma. I tillegg kjem store lokale variasjonar. For vårt prosti slik det er i dag, vil det vera best om det vert eit felles fellesråd for heile prostiet. Svaret må sjåast i samanheng med svaret på sp. 2.

8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?

Svar: JA. Soknerådet må sikrast reell innverknad på eiga verksemd. Dette må koma tydeleg fram i ny lovgjevnad – d.v.s. ei tydeleg presisering av kven som har ansvar for kva. Bjerkreim sokneråd meiner at dei oppgåvene som i dag ligg til fellesråda og prestetenesta som prosten ivaretek, bør få felles struktur. Samling av styring og leiing av den lokale kyrkja, vil styrkja kyrkja. All verksemd bør leggest inn under soknet sine organ. Kyrkjeleg fellesråd bør bli arbeidsgjevarorgan for alle tilsette i kyrkja.

9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?

Svar: JA!! Det er ein føresetnad at arbeidet og livet i kyrkjelydane, vert styrka. Soknerådet meiner derfor at det er viktig at all verksemd i soknet vert underlagt styrings- og leiingsansvaret av soknet sine organ.

10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?

Svar: Her er det vanskeleg å koma med uttale. Dagleg leiing av det lokale kyrkjelydsarbeidet bør organiserast etter størrelsen på kyrkjelyden. Alle kyrkjelydar vil ha behov for daglege leiingar. Ein av intensjonane med kyrkelova av 1996, var at prestane skulle bruka heile arbeidstida til å vera prest. Kven som skal vera dagleg leiar, må vurderast ut frå lokale tilhøve. Sjølv sagt kan ein prest vera dagleg leiar (og også kyrkjeverje), men ein kan ikkje sjå at teologisk kompetanse gjer fortrinn til å vera dagleg leiar. Dagleg leiing handlar om administrativ og økonomisk leiing, arbeidsgjevaransvar, strategisk leiing, åndeleg og pastoral leiing. Sjølv sagt skal presten utøva eit pastoralt og åndeleg leiarskap. Det er det berre presten som kan – presten har ein kompetanse som ingen andre har! Om det let seg kombinera med prestegjeringa i ein travel prestekvardag, er ein usikker på. Sjølv sagt kan det gå, men noko vil det gå ut over. Berre presten kan vera prest, men mange kan styra det daglege arbeidet i kyrkjelyden. Presten si sjølvstende, må sikrast gjennom tenesteordninga.

Bjerkreim sokneråd sluttar seg til Kyrkjerådet sitt fleirtal i 1A: *"Et flertall i Kirkerådet mener all virksomhet i soknet bør inkluderes i styrings- og ledelsesansvaret for soknets organer. Det bør etableres ordninger for daglig ledelse som også inkluderer prestetjenesten."*

11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Soknerådet ser det ikkje som naturleg at biskopen har arbeidsgjevansvar. Biskopen sin rolle med tilsynsansvar, bør oppretthaldast. Biskopen treng ikkje vera arbeidsgjevar for å vera tilsynsman. Uavhengige tilsyn fungerer godt (t.d. helsetilsynet). Tilsetting av prestar må biskopen få til uttale, før tilsetting. Det same bør gjelda andre vigsla stillingar.

Bjerkreim sokneråd sluttar seg til mindretalet i Kyrkjerådet som seier *"Kirkerådet mener biskopens tilsynsfunksjon bør utvikles og tydeliggjøres både overfor*

prester og andre vigslende medarbeidere B: Et mindretall i Kirkerådet mener biskopen bør ikke utøve arbeidsgiverfunksjoner overfor prestene”.

12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?

Svar: Visitas er og vil vera ei god ordning for utøving av tilsyn. I tillegg kjem ordinasjon og vigsling av kyrkjelege tenestemenn. Biskopen må også kunna gje råd og rettleiing til prestar og andre tilsette (jfr. Tenesteordninga for biskopar). Denne tenesteordnings seier i § 1: *Biskopen skal gjennom forkynnelse og sakramentforvaltning ta vare på den apostoliske lære etter Guds ord og vår kirkes bekjennelse, fremme og bevare enheten i Guds kirke og rettlede og oppmuntre bispedømmets menigheter, kirkelig tilsette og øvrige medarbeidere. For å ivareta dette tilsynsansvar kan biskopen gi råd og veiledning, og også gi bindende pålegg vedrørende presters og andre kirkelig tilsattes tjenesteutøvelse.*

13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?

Svar: På same måte som i dag.

14 Bør bispedømmerrådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerrådets rolle i kirkestrukturen?

Svar: Bjerkreim sokneråd sluttar seg til mindretallet i pkt B: *Et mindretall i Kirkerådet mener bispedømmerrådet ikke bør opprettholdes som et demokratisk valgt organ. Rådets nåværende oppgaver bør i stedet ivaretas av andre organer.*

15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerrådet?

Svar: -

16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?

Svar: Alle som arbeidar i soknet, må ha same arbeidsgjevar – kyrkjeleg fellesråd. Dei som arbeidar i sentrale og evt. regionale kyrkjeleg organ, bør ha det sentrale rettsobjektet som arbeidsgjevar. Sjå svar sp. 8. Å leggja arbeidsgjevansvaret for kyrkjeleg tilsette til bispedømmerrådet med evt. delegasjon til soknenivå, meiner soknerådet er både byråkratisk, tungvind og ein dyrare modell. Nærleik mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar er ein viktig føresetnad for begge partar. Soknet må styrkjast og ikkje svekkast. Vert arbeidsgjevaransvaret lagt til bispedømmerrådet, vert soknet svekka ved at ansvar og oppgåver som i dag er plassert på soknenivå, vert lagt til eit anna organ.

Bjerkreim sokneråd sluttar seg til pkt B: B: *”Et mindretall i Kirkerådet går inn for at arbeidsgiveransvaret for alle kirkelig tilsette som arbeider i soknet legges til fellesrådet. Det forutsetter at det etableres bærekraftige størrelser på fellesrådsområdene (f.eks. på justert prostinivå) og at biskopens innflytelse på tilsetting og ledelse av prestetjenesten sikres i tilstrekkelig grad”.*

17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).

Svar: Alle arbeidsgjevarfunksjonar må ivaretakast av kyrkjeleg fellesråd. Bispedømmeråd opptre ikkje på vegne av soknet, men er ein avdeling for Kyrkjerådet. Verksemd og styringsansvar samt finansieringa skjer på lokalt plan, noko som ikkje harmonerer med at bispedømmeråd skal ha arbeidsgjevansvar. Dagens lovverk gjev rom for delegering til soknerådet. Det vesentlege er at arbeidsgjevfunksjonen vert forankra i soknet som rettssubjekt og at arbeidsgjevar og arbeidstakar er i nærleiken av kvarandre.

18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?

Svar: Bjerkreim sokneråd frårår sterkt at det vert opna for lokale og regionale variasjonar i organiseringa av arbeidsgjevaransvaret. Delegasjon nedover kan ikkje erstatta lokalt ansvar.

Prostia er store nok til å få god kompetanse både når det gjeld arbeidsgjevaransvar og andre oppgåver som vert lagt til kyrkjeleg fellesråd på prostinivå.

Kommunereforma gjer at det truleg vert endringar – noko som kan føra til endå større og evt. andre einingar, noko soknerådet må vera opne for. Med ny kommunestruktur bør kyrkjeleg fellesråd på prostinivå så langt det er mogleg, fylgja dei nye kommunegrensene. Dette må likevel vurderast ut frå lokale tilhøve.

19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestatenesten og andre vigslende tjenester?

Svar: Prestetenesta og andre vigsla stillingar bør stort sett ha same innhald som i dag. Det er ein viktig føresetnad for kyrkja si "kjerneverksemd" – gudsteneste-feiring, forvaltning av sakrament, kyrkjemusikk, diakoni og undervising. I Dnk i framtida kan prestar vera representert i rådsstrukturen – både lokalt, regionalt og sentralt. Særpreget til vigsla og ordinerte stillingar, er skildra i tenesteordningane.

20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?

Svar: Kyrkjemøtet må halda fram som det øvste organ i kyrkja – vedta dei kyrkjelege ordningane, fatta vedtak av læremessege karakter og fastsetja og fordela økonomiske midlar.

Når Kyrkjemøtet fattar vedtak som har økonomiske konsekvensar for sokna, må Kyrkjemøtet yta tilskot til soknet slik at vedtaket kan gjennomførast (t.d. innføring av ny salmebok, liturgireforma).

21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?

Svar: Vert bispedømmeråda avvikla, må samansetjing av Kyrkjemøtet verta ein annan. Samansetjinga må reflektera både breidde og heilskap i den kyrkjelege struktur. Lokale rådsmedlemmar må vera representert i

Kyrkjemøtet. Erfaring frå arbeid i sokne- og fellesråd er viktig for dei som skal veljast. Tilsette i kyrkja må også vera representert. Val til Kyrkjemøtet bør skje ved direkteval (slik bispedømmeråd vert valde i dag). Truleg vil det vera tenleg med bispedømmet som valkrins?

22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?

Det er naturleg at Bispemøtet førebur saker til Kyrkjemøtet i lære- og liturgisaker.

23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?

Svar: Bjerkreim sokneråd sluttar seg til pkt 2 i Kyrkjerådet si førebelse vurdering:
"For å ivareta biskopenes selvstendige rolle bør Bispemøtets preses gis rollen å ivareta arbeidsgiverfunksjoner for de øvrige biskopene".

24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?

Svar: Bjerkreim sokneråd meiner Kyrkjerådet må vera representert frå alle bispedømma. Det er naturleg at preses er medlem.

25 Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?

Svar: Soknerådet er kjend med at lærenemnda ikkje har vore i funksjon sidan 2006. Det viser at det ikkje er behov for nemnda.
Soknerådet meiner bispemøtet kan behandla læresaker – evt. be om eksterne utgreiingar.

26 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

.....

Bjerkreim sokneråd er svært kritisk til at Kyrkjerådet så tydeleg ønskjer å sentralisera Den norske Kyrkja. Soknerådet vil understreka at soknet som grunneininga i kyrkja, framleis må ha ansvar for økonomi, personalansvar, bygging av drift av bygg og anlegg m.v.

Ei sentralisering der ein m.a. tek ansvaret som i dag er lagt til soknet og flyttar det til bispedømme eller sentral kyrkjelege råd, er ikkje med å byggjer ei levande, lokal kyrkje.

Det er forvirrende at Kyrkjerådet snakkar om bispedømmet som felles arbeidsgjevar utan samstundes å peika på at det er det nye sentrale rettssubjektet (Kyrkjerådet), som vert planlagt som felles arbeidsgjevar. Dette oppfattar soknerådet som sentralisering. Sentralisering er pasifiserande. Lokalt ansvar skapar engasjement både av tilsette og frivillige.

Denne diskusjonen kjem på eit svært uheldig tidspunkt; midt i diskusjonen om framtidig kommunestruktur. Det er ein umogleg tanke at kommunen skal løyva midlar til kyrkjeleg tilsette og biskopane ha arbeidsgjevansvaret!

Vikeså, 11.05.2015

Arnfrid Espeland
Arnfrid Espeland
kyrkjeverje
Tlf 51201198

